

18.2.2018

Høringsuttale til konsesjonsbehandling av SKL sin søknad om å byggje flaumtunnel frå Sandvinsvatnet – Odda, finansiert med kraftverksutbygging og regulering av Opo.

På folkemøte i Odda måndag 12.2.18 uttrykte NVE at alle berørte kan sende inn uttale til konsesjonssakbehandlinga. NVE gjorde greie for dei breitt samansette kriteria de skal vurdere etter, og kva høyringsinnspel kan omhandle. For/mot med grunngjeving var eit av temaene. På denne bakgrunn er eg så fri å sende inn ein uttale med moment NVE bør ta i betraktning ved vurdering av SKL sin konsesjonssøknad.

Om den politiske prosessen i Odda

Gjennom kjennskap til kommunestyrepolitikarar i Odda meiner eg å ha belegg for ein påstand om at kommunestyrerepresentantar som inngår i fleirtalet for positiv høyringsuttale til SKL sin konsesjonssøknad også let seg styre av andre drivarar enn behovet for flaumsikring. Omsyn som er nemnt er til dømes at ein flaumtunnel finansiert med kraftverksutbygging har mange positive sideeffektar for Oddasamfunnet:

- tiltrengde arbeidsplassar med skatteinntekter i eit «prøva» lokalsamfunn
- tiltrengd eigedomsskatt til kommuneøkonomien
- investeringar i anleggsperioden vil ha positiv effekt på lokalt næringsliv
- grunneigarar langs elva vil tene på sal av fallrettane sine

NVE treng ikkje minnst om at slike omsyn er IKKJE premiss for at Stortinget opna for konsesjonssøknad. Den positive høyringsuttalen til SKL sin konsesjonssøknad frå Odda kommunestyre er slik med rimeleg sikkerheit ikkje genuint konsistent med premissene i Sttingsvedtak som opnar for

konsesjonsbehandling, - noko ein må oppfatta at mindretalet i kommunestyret sine argument er.

Premissene for at det føreligg ein konsesjonssøknad frå SKL var ein særskilt kortfatta politisk prosess seinhaustes 2015 som enda med at Odda kommune inngjekk ein konsesjonsavtale med SKL om ei løysing med flaumtunnel finansiert ved bygging av kraftverk og regulering av Opo. Den politiske prosessen involverte i liten grad debatt i lokalsamfunnet, og dei færraste utanom det politiske miljøet innsåg implikasjonane av intensjonsavtalen som ein ser i dag med SKL sin konsesjonssøknad (antakeleg knapt nok alle i kommunestyret?).

I sum dannar dette grunnlag for ein påstand om at intensjonsavtalen og SKL si løysing med regulering av Opo er særskilt dårleg forankra i lokalmiljøet i Odda, og følgjeleg har Odda kommunestyre sin positive uttale til SKL si løysing eit særskilt tynt demokratisk grunnlag (om enn formelt lovleg). Dette kom tydeleg til syne i folkemøtet som vart halde i Odda kinosal om saka, med stort frammøte og dei mange kritiske spørsmåla som vart stilt. Ei tynn demokratisk forankring i lokalmiljøet for regulering av Opo bør være eit sentralt element i SKL sine vurderingar for ein konsesjonssøknad, - og de må være kjent med at motstanden mot SKL si kraftverkløysing er omfattande i lokalmiljøet!

Nokre premisser for dei vidare argumenta:

- **Behovet for flaumsikring** er det avgjerande premiss for vurdering av alle aktuelle flaumtiltak i Opo og Sandvinvatnet.
- NVE ferdigstiller snart omfattande flaumsikring i nedre del av Opo-elva, som no skal tåla vesentleg større vann mengder enn flaumen i 2014. Elva der flaumtiltak er utført ned til utløpet må derfor vurderast som tilfredsstillande flaumsikra.
- Passasje for flaumvatn ved Vasstun og ned Eidesfoss frem til flaumsikrings- tiltaka er ikkje handtert, og representerer framleis ein flaumrisiko.
- SKL har konsesjonssøkt ei løysing med flaumtunnel finansiert ved utbygging av kraftverk og vesentleg regulering av Opoelva gjennom heile året, ref. modellar for føreslege minstevassføring.
- SKL si løysing med flaumtunnel vil avbøte vasspassasjeutfordringar ved Vasstun og Eidesfoss.

- Flaumutfordringar lengre nede i elva vert antatt å være tilfredsstillande ivaretekne ved NVE sine investeringar og utførte flaumtiltak.
- SKL si løysing med flaumtunnel vil ha marginal effekt på flaumvasstand på Sandvin, og ingen effekt på Hildal i følgje SKL sine modellar.
- Eventuell flaumluker ved Vasstun er under utredning, og må i følgje NVE kost/nyttevurderast dersom det er gjerleg å byggje desse.
- Intensjonsavtale om flaumtunnel med kraftverk vart inngått seinhaustes 2015, før NVE hadde investert vesentleg i flaumsikringstiltak i Opo. Ein føreset at NVE var kjend med kommunestyrevedtak om intensjonsavtale med SKL om ei løysing knytt til flaumtunnell finansiert med kraftverk.
- NVE skal mellom anna vekte samfunnsøkonomi, fornybar kraftproduksjon, inntekter til kommunen – opp mot ikkje-økonomiske verdiar som naturmangfald, artsmangfald, landskap, jakt og fiske mm.

Argument som bør leggjast til grunn ved vurdering av SKL sin konsesjonssøknad

Om det er slik at ei tilfredsstillande flaumsikring av Opo ikkje let seg gjennomføre med mindre det vert bygd flaumtunnel (finansiert med kraftverksutbygging), må dette baserast på ein konklusjon om at utførte flaumsikringstiltak saman med utbygging av flaumluker på Vasstun ikkje vil gje tilfredsstillande flaumsikring.

Om NVE skulle lande på ein konklusjon om at det ikkje let seg gjere å tilfredsstillande flaumsikre Opo utan flaumtunnel, er det nærliggjande å spørje seg kva dette seier om NVE sine faglege vurderingar knytt til investerte midlar i flaumsikringstiltak i nedre del av Opo. Om NVE skulle konkludere med at flaumtunnel må byggjast, vil i realiteten effekten av investeringar i utførte flaumtiltak i Opo til no være heilt marginale, då tiltaka ikkje vil være naudsynte. For NVE som fagorgan må eit slikt utfall sjåast som noko i nærleiken av ei fagleg fallitterklæring i form av manglande heilskapstilnærming!

I folkemøtet i Odda opplyste NVE at flaumluker måtte kost/nyttevurderast. MEN! - flaumluker på Vasstun er vel antakeleg det einaste som kan «berge» dei massive investeringane i flaumtiltak som er gjort lengre nede i Opo ?.

Skulle NVE si vurdering konkludere med å seie nei til å finansiere slike flaumluker, ville det demonstrert ei sær ssvak forståing av omgrepet «kost/nytte». Det vil i så fall være ein sterk indikasjon på manglande heilskapstenking å berre sikre nedre del av elva..... det er vel rimeleg sikkert at flaumvatnet de har sikra nedste del av Opo for, - nødvendigvis må passere øvre del av elva?

Poenget i uttalen er at ein flaumtunnel primært løyser flaumutfordringar på Vasstun og Eidesfoss. Men med ei tilråding om å byggje flaumtunnel vil det være grunnlag for å stille store spørsmålsteikn ved NVE sitt beslutningsgrunnlag for føretekne investeringar i flaumtiltak. Når statsverksemder føretek investeringar i hundremillionarsklassen av fellesskapets midlar, og investeringane syner seg unødvendige, lyt de pårekna kritisk søkelys mot beslutningsprosessane som ligg bak. Intensjonsavtalen mellom Odda Kommune og SKL var kjend før arbeidet i elva vart påbegynt. Om NVE meinte at flaumtunnel var eit realistisk alternativ til å flaumsikre Opo, kvifor vart då tiltaka i elva påbegynt?

Når NVE skal vurdere samfunnsøkonomi knytt til konsesjonssøknaden, vert det ureieleg om ikkje allereie investerte midlar i flaumsikringstiltak og effekten av desse inngår i dei samfunnsøkonomiske vurderingane. Ein konsesjon til SKL sin søknad om å byggje flaumtunnel med kraftverk betyr at storsamfunnet meir eller mindre kan avskriva midlane som er investert i Opo til no!

Viss det er riktig som SKL opplyste i folkemøtet, - at dette er eit marginalt prosjekt for dei, - korleis tenkjer NVE om samfunnsøkonomien totalt sett ut frå dette ?

Oppmoding:

- a) Ut frå ovanstående, vil det være god løysing både vassdragsfagleg og samfunnsøkonomisk, - å legge ned stor innsats i å finne ei tenleg flaumlukeløysing ved Vasstun.
- b) Kost/nyttevurderinga mtp. finansiering av flomluker ved Vasstun bør være openbar for NVE, med referanse til ei fagleg heilhetstilnærming til føretekne investeringar knytt til flomsikring av Opo!
- c) Allereie investerte midlar i flaumsikringstiltak i Opo må inngå i samfunnsøkonomiske vurderingar av SKL sin konsesjonssøknad

Følgjeleg må SKL ikkje få konsesjon på sin søknad!

Helsing

Geir Tomasgard (S)